



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
91/26	Formannskapet	01.09.2026
	Kommunestyre	

Langtidsleige av naust - Vanylven klatre- og padleklubb

Samandrag:

Vanylven klatre- og padleklubb har søkt om å få langtidsleige av naust på Fiskå for å kunne lagre og leige ut padleutstyr.

Formannskapet 01.09.2026

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - Ap 2, Frp 1, H 1, INP 1, SP 2

Stemmer:

Per-Johnny Brekke (H)

Nils Olav Moen (INP)

Paul Sindre Vedeld (SP)

Elisabet Lauvstad Haugen (Frp)

Merete Vatne (SP)

Caroline Juul (Ap)

Njål Sivertstøl (Ap)

Mot: 0 stemmer (0%)

FO - 91/26 Vedtak

Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommune inngår ein utleigeavtale med Vanylven klatre- og padleklubb for naust på gnr. 11 bnr. 6 for ein periode på 10 år.

Utleiga er vederlagsfri, mot at Vanylven klatre- og padleklubb pussar opp og held nausta forsvarleg ved like i leigeperioden.

Dersom Vanylven klatre- og padleklubb blir avvikla, eller ikkje lenger oppfyller vedlikehaldsplikta, skal leigeavtalen avviklast og nausta gå tilbake til kommunen utan vederlag.

Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommune inngår ein utleigeavtale med Vanylven klatre- og padleklubb for naust på gnr. 11 bnr. 6 for ein periode på 10 år.

Utleiga er vederlagsfri, mot at Vanylven klatre- og padleklubb pussar opp og held nausta forsvarleg ved like i leigeperioden.

Dersom Vanylven klatre- og padleklubb blir avvikla, eller ikkje lenger oppfyller vedlikehaldsplikta, skal leigeavtalen avviklast og nausta gå tilbake til kommunen utan vederlag.

Saksopplysningar:

Vanylven klatre- og padleklubb har bedt om langtidsleige av naust på Fiskå:

- "Padlegruppa i Vanylven klatre og padleklubb ser på mulighet for å lagre og leige ut padleutstyr på Fiskå. I samband med dette arbeidet ser vi at det er to naust som er felleferdige som vi trur høyrer kommunen til. Nausta det er snakk om ligg på eigendom 11/6. (Sjå bileta).

Vi søker om å få til ein avtale om langtidsleige på desse nausta, mot at vi får lov til å søkje om støtte til oppussing og fikse nausta slik at dei kan brukast til både lagring og utleige av kajakk og vannsportsutstyr."

Kommunedirektøren har hatt møte med klubben og utarbeida utkast til ein leigeavtale på 10 år. Det er lagt opp til vederlagsfri leige mot at klubben tek oppussing og vedlikehald av nausta.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren vil tilrå ein slik avtale, som både sikrar oppussing og vedlikehald av kommunen sine naust i område og skaper aktivitet knytt til klatre- og padleklubben.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: etablering av eit slikt tilbod for fysisk aktivitet vil vere positiv for folkehelsa

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: etablering av eit slikt aktivitetstilbod, som òg er for barn og unge, vil vere positiv

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør